

# AVTALE OM VEG

## 1. Innleiing

Denne avtalen gjeld mellom gnr. 99 bnr. 4 i Lindås kommune (Judith Eikevik) og gnr.99 bnr.1 (Elin T. Holmås Fanebust). Rettar og plikter i avtalen føl eignedomane.

## 2. Vegrett

Vegretten til bnr.4 over bnr.1 er samanfallande med tidlegare avtale frå 1906, no med justeringar spesifisert i hverrande tilleggs-avtale. Bnr. 99/4 sin vegrett gjeld **ein** rettighetshavar og **eitt** bruksnr.

## 3. Om eksisterande veglegeme

Det er 99/1 som til i dag har opparbeidd det totale veglegemet og hatt heile vedlikehaldet av dette, det er såleis 99/1 som pr i dag åleine er eigar av eksisterande veglegeme.

## 4. Ny stikkveg til br.nr.4

I samband med oppføring av ny einbustad og driftsbygning på bnr. 4 får bnr. 4 rett til å etablere ny stikkveg frå eksisterande veg. Trase for ny stikkveg er skissert i kartbilag. Ny stikkveg skal vere utforma etter forskrift for landbruksveg klasse 3, og ha maks. stigning på 10%.

Bnr. 4 får bruksrett til den delen av stikkvegen som ligg på bruk nr. 1. Bnr. 4 vert eigar av den delen av veglegemet som dei sjølv kostar. Kostnader og eigarforhold ved ny stikkveg vert definert slik:

Første 52 meter av ny stikkveg, sjå kartbilag, vert opparbeidd av bnr. 1, med bnr. 1 som eigar av veglegemet. Resterande halvdel av stikkveg vert opparbeidd av bnr. 4, som dermed vert eigar av denne delen av veglegemet.

Bnr. 4 skal framleis ha vegrett frå Lindåsvegen og opp til ny stikkveg i eksisterande trase. Saman med ny stikkveg utgjør dette no den samla vegretten til bnr. 4 over bnr. 1. Bnr. 4 sin vegrett av 1906 frå stikkveg og vidare nord på bnr. 1 fell bort.

## 5. Vedlikehald av veg

Frå Lindåsvegen og fram til stikkveg påkviler det bnr. 4 ein tredjepart av vedlikehaldet. For **ny** stikkveg til bruk nr.4 har bruk nr.4 heile ansvaret for vedlikehald. Bruk nr.1 har rett til å ferdast på den delen av ny stikkveg som ligg på bruk nr.1, og har ansvar for å utbetre all slitasje og skader som måtte oppstå i samband med dette.

## 6. Avkøyrsla til Fylkesveg

Mandat til å forhandle med Statens Vegvesen ligg på br.nr. 1.

\_\_\_\_\_  
Dato, stad

\_\_\_\_\_  
Elin T. H. Fanebust (eigar av gnr. 99 bnr. 1)

\_\_\_\_\_  
Dato, stad

\_\_\_\_\_  
Judith Eikevik (eigar av gnr. 99 bnr. 4)

